

Søknadar for storprosjekt var mangelfulle

11.07.2011



SPAR-bygget har ikkje kome igang enno

**To store og viktige prosjekt i bygda ligg på beddingen:
Utvidinga av SPAR og næringsbygget til AFA.
Men begge har i den seinare tid hatt ein litt
seinare handsaming enn den ideelle fordi
det har mangla opplysningar.**



[AFA-tomta er under opparbeiding](#)

SPAR-prosjektet ved Prosjekt Konsult Kvinnherad har no sendt kommunen den dokumentasjon som har mangla. Det gjeld blant anna nabovarsling. No har alle berørte naboar signert for motteke varsel og samtykke til prosjektet. Også søknad om avsvarerett for prosjekterande foretak er no sendt inn og gjennomføringsplan er revidert.

Når det gjeld AFA har kommunen lagt søknaden i ro då det ikkje er søkt etter det regelverk som gjeld. Her forelegg det ei lang liste over opplysningar som manglar. Til dømes er rammesøknaden sendt inn på forelda skjema og det er ikkje søkt om ansvarsrett for prosjekterande foretak Det manglar også gjennomføringsplan.

Kommunen ved saksbehandlar Jon Harald Kjærland ber vidare om beskriving av prosjektet og estetisk utgreiing, utomhusplan og utrekning av høgda på bygningen. Utomhusplanen skal mellom anna visa parkeringsareal for bygget og leike- og parkareal for husværa. Det skal også visast korleis prosjektet stettar lova med omsyn til plassering av bygningen.

Tekstog foto: Ola Matti Mathisen